



Bjørn Olav Tveit frå Uskedalen og Torstein Aarhun frå Valen presenterte læraryrket

**Yrkesmessa i Husneshallen i dag var eit imponerande arrangement både med omsyn til frammøtet av utdanningsinstitusjoner og bedrifter og med omsyn til frammøtet av elevar som skal gjera skule- eller yrkesvalet sitt. 800-900 hørde til den siste kategorien..Det var verkeleg ei messe med spennvidde.**



Kvartett frå Uskedalen lærar meir om Framnes, som her er representert ved miljøarbeidar Silje Leikvoll. Dei 4 er Vegard Døssland, Monica Helen Sæle, Margareth Sæle og Benjamin Taranger.

Ein som frista med eit mangfald av stillingar var uskedelingen Bjørn Olav Tveit som representerte Utdanningsforbundet, lærarar og førskulelærarar i kommunen.

Han hadde hatt kontakt med fleire som kan tenkja seg lærgjeringa som framtidsveg og naturleg nok var dei fleste av desse elevane ved den vidaregåande skulen.

Apropos spennvidde: Lista over dei som hadde tilbod inneheldt 34 namn og her kunne ein til dømes finna Noreq, SØRAL, Bergen Group, IDrift, HMR Husnes, Forsvaret, lensmannen, Alsaker Fjordbruk, Havforskningsinstituttet og kommunen. Det var også fleire skulerr i flokken, mellom andre Framnes kristelege vidaregåande skule, som ligg i Norheimsund, har 265 elevane frå heile landet og er ein internatskule..

På den andre sida kunne ein i den myldrande flokken finna elevane frå ungdomsskulene i kommunen, Åkra skule, vaksenopplæringa og KVV. Nærings sjef Silvia Tofte heldt opningstale i to omgangar og la elevane på sinne at same kva yrkesval dei tek, er det viktig å fullføra!

Også eit kontroversielt tema vart fokusert: Energimontør Øyvind Utne stilte opp for Statnett og presenterte linja frå Sima til Samnanger!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Øyvind Utne presenterte Sima- Samnanger